


Syntesar og aktuelle analysar frå NOKUT

# Studieinnsats

Ein analyse av data frå Studiebarometeret 2013

Stein Erik Lid, juni 2014



## Innhald

|                                                                                                   |    |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Innleiing .....                                                                                   | 3  |
| Om studieinnsats i Studiebarometeret .....                                                        | 4  |
| Studieinnsats – oversiktstal .....                                                                | 6  |
| Forskjellar mellom utdanningstypar <sup>5</sup> .....                                             | 8  |
| Nokre faktorar som har samanheng med studieinnsats .....                                          | 12 |
| Samanhengar mellom ulike innsatsfaktorar .....                                                    | 12 |
| Samanhengar med kor nøgde studentane er, og korleis dei vurderer fagleg utfordring og miljø ..... | 14 |
| Samanheng mellom studieinnsats og resultatindikatorar .....                                       | 15 |
| Andre faktorar .....                                                                              | 16 |
| Indikasjonar samla sett .....                                                                     | 17 |
| Referansar .....                                                                                  | 19 |

## Innleiing

*Etter at NOKUT lanserte Studiebarometeret i februar 2014, har mange vist interesse for dataa og kva dei kan seie om utdanningskvalitet. Eit område det har vore spesielt stor interesse rundt, er studieinnsatsen til studentane. Siktemålet med denne analysen er å presentere karakteristiske trekk ved studieinnsats slik det kjem fram i Studiebarometeret, fordelt på ulike kategoriar som utdanningsnivå og utdanningstypar. I tillegg undersøker vi om studieinnsats heng saman med kor nøgde studentane er, og korleis dei sjølv vurderer dei faglege utfordringane i studieprogramma dei går på. Vi undersøker òg om studieinnsats har samanheng med eit utval resultatindikatorar frå nasjonale registerdata.*

Studiebarometeret.no<sup>1</sup> er ein nettportal som viser kva studentane meiner om kvaliteten på studieprogram ved norske høgskular og universitet. Dataa i studiebarometeret.no byggjer på ei nasjonal spørjeundersøking blant studentar på det store fleirtalet av studieprogram som høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg tilbyr hausten 2013. Hovudtemaet for undersøkinga er å avdekke korleis studentane vurderer utdanningskvaliteten i studieprogramma dei går på. Av studentane som blei inviterte til å delta i undersøkinga (17 600), var det 32 prosent som svarte.

Den nasjonale studentundersøkinga inneheld tre spørsmål der studentane blir bedne om å oppgi timeinnsats:

Anslå kor mange timar per veke (i gjennomsnitt i semesteret) du bruker på

- læringsaktivitetar som er organiserte av institusjonen
- ikkje-organisert studieinnsats (inkludert frivillig samarbeid med andre studentar)
- betalt arbeid

Studentane sine svar på desse spørsmåla og andre spørsmål i Studiebarometeret utgjer det viktigaste grunnlagsmaterialet for denne analysen. I tillegg bruker vi data om inntakskvalitet, gjennomføring og studieresultat på studieprogramnivå henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)<sup>2</sup> og NOKUT-portal<sup>3</sup>.

Analysen viser ei rekkje korrelasjonar mellom data om studieinnsats og andre variablar. Korrelasjonane viser graden av samvariasjon mellom data for ulike variablar og at det er ein samanheng mellom dei. At det finst ein korrelasjon, vil ikkje nødvendigvis seie at det er ein årsakssamanheng. Det er truleg svært mange og komplekse faktorar som påverkar studieinnsatsen til studentane, og ein bør vere varsam med å trekkje forenkla slutningar. Vi finn likevel indikasjonar på at dei faglege utfordringane i studieprogramma, inntakskvaliteten og studiegjennomføringa har samanheng med studieinnsatsen. Desse indikasjonane gir avslutningsvis grunnlag for å reise nokre spørsmål om samanhengen mellom studieinnsats og utdanningskvalitet.

---

<sup>1</sup> <http://www.studiebarometeret.no/>

<sup>2</sup> <http://dbh.nsd.uib.no/>

<sup>3</sup> <http://dbh.nsd.uib.no/nokutportal/>

## Om studieinnsats i Studiebarometeret

Spørsmåla om studieinnsats i Studiebarometeret har ført med seg enkelte utfordringar, for det første når det gjeld korleis studentane svarte på sjølve spørsmåla.

Studentane skulle svare på spørsmåla ved å velje eit nøyaktig timetal frå ein rullegardinmeny i det elektroniske spørreskjemaet. Ein kan setje spørsmålsteikn ved om det er mogleg for studentane å svare så presist som dei blei bedne om. Svardataa tyder på at enkelte studentar har gitt opp urealistisk høge eller låge tal for studieinnsats. For å betre datakvaliteten har vi derfor fjerna svara på spørsmåla om tidsbruk frå datagrunnlaget i både Studiebarometeret og denne analysen for alle som til saman har gitt opp

- ein samla studieinnsats på mindre enn 6 timar per veke
- meir enn 50 timar per veke med organiserte læringsaktivitetar
- ein total innsats (studieinnsats og betalt arbeid) på meir enn 119 timar per veke

Etter undersøkinga har enkelte peikt på at det kan verke uklart for studentar som har praksis, om dei skal ta med praksisen i timetalet dei oppgir. For fleirtalet av dei studentane som har praksis, utgjør praksisen ein vesentleg del av dei organiserte læringsaktivitetane. Systematisk underrapportering av praksis burde derfor gi tydelege utslag i datamaterialet. Når vi ser på tidsbruken blant studentar i faggrupper med praksis, ser vi at dei i gjennomsnitt svarer at dei bruker 3,3 timar meir per veke på organiserte læringsaktivitetar enn studentar i faggrupper utan praksis. Det er derfor ingen indikasjonar i datamaterialet på at ein stor del av studentane med praksis har underrapportert denne delen av studieinnsatsen.

Ein annan usikker faktor gjeld svar frå studentar på studieprogram som kan takast på både heiltid og deltid. Opplysningar i Studiebarometeret om studieprogramma kan takast på deltid, er henta frå DBH, der denne variabelen har ein noko svak datakvalitet. For å heve kvaliteten på dataa i Studiebarometeret har vi utført ein manuell kontroll av alle program der programnamnet gir indikasjonar på at det kan dreie seg om deltidsutdanningar («deltid», «fleksibel», «samlingsbasert», «IKT-støtta», «arbeidslivsbasert» osv.). Vi har då undersøkt kva dette omfattar, på heimesidene til institusjonane. Gjennom denne kontrollen har vi identifisert fleire deltidsprogram enn det vi hadde opplysingar om frå DBH. Når det gjeld vurderingar av tidsbruken til studentane, er det viktig å nemne at omgrepet *heiltid* kan vere misvisande i enkelte samanhengar. I og med at studentane kan operere med individuelle studieplanar og individuell progresjon også på heiltidsprogram, inneber ikkje *heiltid* at alle studentane på eit slikt program følgjer eit løp med normert studiepoengproduksjon (60 stp. per år).

I sum vil dette seie at dataa om studieinnsats i Studiebarometeret er noko usikre. Samtidig ser vi at den gjennomsnittlege studieinnsatsen blant alle som har svart (etter at dataa er behandla), når vi har trekt frå svar frå studentar på studieprogram som er spesifiserte som deltidsstudium, ligg på 29 timar per veke. Dette talet rimar godt med tal frå tilsvarende undersøkingar om studieinnsats (Wierss-Jensen og Aamodt, 2002; Hovdhaugen, 2004; Arnesen et al., 2011). I levekårsundersøkinga som Statistisk sentralbyrå utførte blant studentar i 2010, går det fram at gjennomsnittsstudenten bruker 32 timar per veke på studia (Otnes et al., 2011). Ei mogleg forklaring på at dette talet ligg noko høgare, er at utvalet i levekårsundersøkinga i større grad består av studentar ved universitet og

vitskaplege høgskular. Her er det ein større del mastergradsstudentar enn i sektoren sett under eitt, og desse bruker i gjennomsnitt meir tid på studia enn bachelorgradsstudentar.

## Studieinnsats – oversiktstal

Tabell 1 viser at den samla studieinnsatsen for alle respondentane i gjennomsnitt ligg på 28,4 timar per veke. For studentar på heiltidsprogram er talet 29, på deltidsprogram 19. På heiltidsprogram jobbar mastergradsstudentar i gjennomsnitt meir med studia (32 timar per veke) enn det bachelorgradsstudentar gjer (27,3 timar per veke).

Tabell 1. Gjennomsnittleg oppgitt timeinnsats per veke i Studiebarometeret.

|                  | Organiserte læringsaktivitetar | Ikkje-organisert studieinnsats | Samla studieinnsats | Betalt arbeid | Samla studieinnsats og betalt arbeid | Respondentar (n) <sup>4</sup> |
|------------------|--------------------------------|--------------------------------|---------------------|---------------|--------------------------------------|-------------------------------|
| Alle             | 13,4                           | 15,0                           | 28,4                | 7,9           | 36,3                                 | 14 494                        |
| Heiltids-program | 13,7                           | 15,3                           | 29,0                | 6,9           | 35,9                                 | 13 564                        |
| Deltids-program  | 9,5                            | 9,5                            | 19,0                | 21,8          | 40,8                                 | 930                           |
| Bachelor heiltid | 14,0                           | 13,3                           | 27,3                | 6,7           | 34,0                                 | 8474                          |
| Master heiltid   | 13,2                           | 18,8                           | 32,0                | 7,3           | 39,3                                 | 5090                          |

Fordi studentane kan følgje individuell studieplan og progresjon også på heiltidsprogram, er det vanskeleg å rekne ut den eksakte studieinnsatsen per heiltidsekvivalent. Den siste tilstandsrapporten frå Kunnskapsdepartementet (for 2012) oppgir at studentane i Noreg i gjennomsnitt tok 45,5 studiepoeng dette året. Dette utgjer 75,8 prosent av den normerte progresjonen på 60 studiepoeng per år. Om vi går ut frå at desse tala ikkje er vesentleg forskjellige i 2013, og korrigerer for dette målet på gjennomsnittleg progresjon, finn vi at respondentane i Studiebarometeret bruker 38,2 timar per veke per heiltidsekvivalent. Men då tek vi ikkje høgd for stryk eller andre faktorar som bidreg til at studieinnsatsen ikkje alltid blir omsett i fullførte studiepoeng. Eit betre mål kan derfor vere å ta utgangspunkt i den planlagde progresjonen til studentane. Same tilstandsrapporten oppgir at den gjennomsnittlege gjennomføringa i tråd med studieplanen var 85,6 prosent. Når studentane i gjennomsnitt tok 45,5 studiepoeng, tilseier dette at ein gjennomsnittleg studieplan la opp til ei gjennomføring på 53,2 studiepoeng og dermed 88,7 prosent av den normerte progresjonen på 60 studiepoeng per år. Om vi korrigerer den oppgitte studieinnsatsen i Studiebarometeret for gjennomsnittleg planlagd progresjon, får vi ein studieinnsats på 32,0 timar per veke. Dette talet samsvarer godt med ein analyse av dei norske resultata frå den europeiske studentundersøkinga Eurostudent IV, der forfattarane finn at norske heiltidsstudentar i gjennomsnitt jobbar mellom 31,5 og 33,9 timar per veke med studia (Arnesen et al., 2011).

Blant alle respondentane i Studiebarometeret er omfanget av organiserte læringsaktivitetar oppgitt til eit gjennomsnitt på 13,4 timar per veke, mens ikkje-organisert studieinnsats ligg på 15 timar per veke. Blant studentar på heiltidsprogram er tala som venta noko høgare, mens dei er lågare for deltidsstudentar. På heiltidsprogram oppgir bachelorgradsstudentar å ha noko meir organiserte læringsaktivitetar enn mastergradsstudentar per veke, mens mastergradsstudentar i snitt har ein vesentleg større ikkje-organisert studieinnsats enn bachelorgradsstudentar.

<sup>4</sup> Tala omfattar respondentar der svardataa for studieinnsats og betalt arbeid ikkje er fjerna (sjå innleiinga).

Betalt arbeid utgjør totalt sett 7,9 timar per veke i snitt. Studentar på heiltidsprogram har noko mindre (6,9), mens deltidsstudentar har vesentleg meir betalt arbeid ved sida av studia (21,8). Mastergradsstudentar på heiltidsprogram har noko meir betalt arbeid ved sida av studia (7,3) enn bachelorgradsstudentar (6,7). Omfanget av betalt arbeid frå Studiebarometeret ligg vesentleg lågare enn det som har vore rapportert tidlegare (12,2 timar per veke) med grunnlag i stud.mag.-undersøkingane (Hovdhaugen, 2004). Dette kan henge saman med at det er ein større del studentar frå dei store universitetsbyane (med høgare leviekostnader) i stud.mag.-materialet enn i Studiebarometeret. Studiebarometer-respondentane frå UiO, HiOA, BI, UiB, NHH, HiB, NTNU, HiST og UiTø oppgir likevel eit gjennomsnitt på 7,3 timar betalt arbeid per veke, noko som ligg litt under gjennomsnittet i heile undersøkinga. Det ser dermed ikkje ut til å vere ei tilfredsstillande forklaring. Ei anna forklaring kan vere at studentane har mindre betalt arbeid ved sida av studia i dag enn for ti år sidan. Analysen av dei norske resultata frå Eurostudent IV (2011) viste at heiltidsstudentar i Noreg i gjennomsnitt jobba 8,1 timar per veke. Resultata frå Eurostudent IV og Studiebarometeret indikerer derfor at dette kan vere tilfellet.

Den gjennomsnittlege samla innsatsen (studieinnsats og betalt arbeid) ligg totalt sett på 36,3 timar per veke. På heiltidsprogram ligg bachelorgradsstudentar på 34, mens mastergradsstudentar ligg på 39,3. Studentar på program som er registrerte som deltidsprogram, oppgir den største totalinnsatsen, på 40,8 timar per veke. 47 prosent av alle som er registrerte på heiltidsprogram, bruker 37 timar eller meir (nesten tilsvarende ei tariffesta normalarbeidsveke for arbeidstakarar på 37,5 timar).

Tabell 2 viser at medianen i liten grad avvik frå gjennomsnittet, noko som indikerer at den samla studieinnsatsen til studentane fordeler seg rimeleg jamt om gjennomsnittet. Det viser òg inndelinga i timeintervall. Denne viser samtidig at spreininga er stor. Prosentdelen som oppgir at dei jobbar mykje med studia, er om lag like stor som prosentdelen som oppgir at dei jobbar lite med studia.

Tabell 2. Spreiing for samla studieinnsats (organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats). Berre studentar på studieprogram som er registrerte som heiltidsprogram, er tekne med i utrekninga.

|          | Gjennomsnitt | Median | 6–15           | 16–25          | 26–35          | 36–45          | 46–55         | >55          |
|----------|--------------|--------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|--------------|
| Alle     | 29,0         | 28     | 2522<br>(19 %) | 3442<br>(25 %) | 3623<br>(27 %) | 2563<br>(19 %) | 979<br>(7 %)  | 435<br>(3 %) |
| Bachelor | 27,3         | 26     | 1780<br>(21 %) | 2441<br>(26 %) | 2259<br>(27 %) | 1337<br>(16 %) | 437<br>(5 %)  | 220<br>(3 %) |
| Master   | 32,0         | 32     | 742<br>(15 %)  | 1001<br>(20 %) | 1364<br>(27 %) | 1226<br>(24 %) | 542<br>(11 %) | 215<br>(4 %) |

Det er ein vesentleg del studentar på heiltidsprogram (19 prosent) som oppgir at dei jobbar svært lite med studia (15 timar per veke eller mindre). Dei studentane som vi kan seie jobbar svært mykje med studia (46 timar per veke eller meir), utgjør 10 prosent. Mastergradsstudentane har jamt over ein noko større studieinnsats enn bachelorgradsstudentane.

Vi har òg sett på eventuelle forskjellar i studieinnsats avhengig av alder og kjønn. Korrelasjonane mellom alder og dei enkelte innsatsfaktorane er veldig svak, noko som indikerer at alder har svært liten samanheng med studieinnsats i materialet (organiserte læringsaktivitetar: 0,05; ikkje-organisert studieinnsats: 0,03; samla studieinnsats: 0,06; betalt arbeid: –0,01). Kvinner har i gjennomsnitt noko større innsats på alle områda enn menn. Dei oppgir at dei har nesten 2 prosent meir organiserte læringsaktivitetar enn menn. Ei mogleg forklaring her kan vere at fleire av

utdanningstypene med mest organiserte læringsaktivitetar, slik som medisin-, sjukepleiar- og barnehagelærerutdanning (sjå nedanfor), er dominerte av kvinner. Kvinner oppgir òg ein 1,5 prosent høgare ikkje-organisert studieinnsats. Den totale studieinnsatsen ligg nesten 2 prosent høgare for kvinnene enn for mennene. Kvinnene har òg 0,5 prosent meir betalt arbeid ved sida av studia enn mennene har.

Korleis kjem studieinnsatsen til studentar i Noreg ut i eit internasjonalt komparativt bilete? Undersøkinga Eurostudent, som ser på dei sosiale og økonomiske forholda til studentar, indikerer at den innsatsen norske bachelorgradsstudentar legg ned, ligg nært, men noko under gjennomsnittet i det europeiske utdanningsområdet (Orr et al., 2011). Når det gjeld deltaking i organisert undervisning for bachelorgradsstudentar, er Noreg eit av dei landa som scorar lågast. På mastergradsnivå er biletet noko meir samansett. Den samla studieinnsatsen til mastergradsstudentar i Noreg ligg på gjennomsnittet. Studentane bruker klart færre timar i veka på organisert undervisning enn gjennomsnittet gjer, mens dei bruker klart meir tid på sjølvstudium.

## Forskjellar mellom utdanningstypar<sup>5</sup>

Tabell 4a viser at studieinnsatsen varierer sterkt mellom ulike utdanningstypar. Her er berre studentar på heiltidsprogram tekne med i utrekningsgrunnlaget. Blant dei utdanningstypene vi har sett på, oppgir arkitektur-/landskapsarkitekturstudentar den største samla studieinnsatsen (eit gjennomsnitt på 43,1 timar per veke). Den minste samla studieinnsatsen er det pedagogikkstudentane som oppgir, med eit gjennomsnitt på 23,1 timar per veke. Innanfor disiplinfaga oppgir studentar på matematisk-naturvitenskaplege fag ein større gjennomsnittleg samla studieinnsats enn gjennomsnittet for alle, mens studentar innanfor humaniora (språk, historisk-filosofiske fag) oppgir ein mindre innsats enn gjennomsnittet. Blant profesjonsutdanningane er det arkitektur-, medisin-, sivilingeniør- og ingeniørutdanningane som ligg høgast. Også studentar innanfor rettsvitenskap-, sjukepleie- og psykologiutdanningane ligg noko over snittet. Studentane på barnehage- og grunnskulelærerutdanningane skil seg ut med låg samla studieinnsats. Forskjellane i studieinnsats mellom ulike utdanningstypar er konsistente med dei som er funne i tidlegare undersøkingar av studieinnsats (Wiers-Jenssen og Aamodt, 2002; Hovdhaugen, 2004).

Profesjonsutdanningane sjukepleiar, grunnskulelærer, barnehagelærer, ingeniør og lege skil seg ut ved at dei har mange timar med organiserte læringsaktivitetar per veke, og at det utgjer meir enn halvparten av den totale studieinnsatsen til studentane. Innanfor andre utdanningstypar og tydelegast innanfor disiplinfaga bruker studentane meir tid på ikkje-organisert studium enn på organiserte. Aller tydelegast er dette for rettsvitenskap, som er ein av utdanningstypene som har færrest timar med organiserte læringsaktivitetar og størst ikkje-organisert studieinnsats.

---

<sup>5</sup> Omgrepet *utdanningstype* refererer her til dei utdanningsgruppene som står i tabell 4a. Desse korresponderer ikkje fullstendig med den etablerte nemninga *fagområde*, som derfor ikkje er brukt.

Tabell 4a. Gjennomsnittleg studieinnsats og betalt arbeid i timar per veke for studentar innanfor ulike utdanningstypar. Bachelor- og mastergradsstudentar på heiltidsprogram er inkluderte. (Tabellen er sortert etter samla studieinnsats, som er summen av organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats.)

|                                              | Organiserte læringsaktivitetar | Ikkje-organisert studieinnsats | Samla studieinnsats | Betalt arbeid | Samla studieinnsats og betalt arbeid | Respondentar (n) <sup>6</sup> |
|----------------------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|---------------------|---------------|--------------------------------------|-------------------------------|
| Arkitektur, landskapsarkitektur              | 21,0                           | 22,1                           | 43,1                | 3,3           | 46,4                                 | 125                           |
| Medisin <sup>7</sup>                         | 19,1                           | 17,9                           | 37,0                | 5,0           | 42,0                                 | 377                           |
| Sivilingeniør                                | 16,0                           | 19,6                           | 35,6                | 3,4           | 39,0                                 | 988                           |
| Kunst, design, musikk                        | 15,4                           | 18,3                           | 33,7                | 5,9           | 39,6                                 | 441                           |
| Ingeniør                                     | 16,0                           | 17,1                           | 33,1                | 5,7           | 38,8                                 | 1002                          |
| Matematisk-naturvitskaplege fag <sup>8</sup> | 14,4                           | 18,2                           | 32,6                | 4,5           | 37,1                                 | 649                           |
| Rettsvitskap                                 | 8,9                            | 22,6                           | 31,5                | 7,5           | 39                                   | 630                           |
| Sjukepleie                                   | 18,2                           | 11,6                           | 29,8                | 7,5           | 37,3                                 | 1190                          |
| Psykologi                                    | 10,6                           | 18,6                           | 29,2                | 7,4           | 36,6                                 | 429                           |
| <b>Alle</b>                                  | <b>13,7</b>                    | <b>15,3</b>                    | <b>29,0</b>         | <b>6,9</b>    | <b>35,9</b>                          | <b>13 564</b>                 |
| Grunnskule 5-årig / lektor                   | 10,4                           | 17,6                           | 28,0                | 6,8           | 34,8                                 | 313                           |
| Økonomisk-administrative fag                 | 12,5                           | 14,8                           | 27,3                | 8,1           | 35,4                                 | 2654                          |
| Statsvitskap                                 | 9,3                            | 16,6                           | 25,9                | 8,0           | 33,9                                 | 389                           |
| Historisk-filosofiske fag                    | 8,6                            | 16,8                           | 25,4                | 7,8           | 33,2                                 | 519                           |
| Barnehage                                    | 15,5                           | 9,8                            | 25,3                | 5,5           | 30,8                                 | 518                           |
| Grunnskule (1–7 og 5–10)                     | 15,0                           | 10,2                           | 25,2                | 6,5           | 31,7                                 | 657                           |
| Språk                                        | 9,7                            | 14,0                           | 23,7                | 7,6           | 31,3                                 | 314                           |
| Pedagogikk                                   | 8,8                            | 14,3                           | 23,1                | 11,3          | 34,4                                 | 407                           |

Tabell 4b gir ei oversikt over standardavvika for dei ulike innsatsfaktorane fordelte på dei same utdanningstypene som i tabell 4a. Det overordna biletet er at spreinga rundt gjennomsnittet er stor. Dette viser at innsatsen varierer sterkt frå student til student innanfor same utdanningstypen. Til dømes er studieinnsatsfaktorane for dei fleste utdanningstypene rundt 50–75 prosent av gjennomsnittstala (tabell 4a). For betalt arbeid er standardavvika i fleire tilfelle større enn gjennomsnittstala. Samtidig er standardavvika for kvart enkelt innsatsområde rimeleg like mellom utdanningstypene. Til dømes varierer det mellom 9,9 og 14,6 for samla studieinnsats. Det viser at sjølv om variasjonen mellom studentar i til dømes pedagogikk er stor (standardavvik 11,7), er denne variasjonen konsentrert om eit lågare gjennomsnittleg innsatsnivå (23,1 timar per veke) enn til dømes i medisin, der ein tilsvarande variasjon (standardavvik 12,8) er konsentrert om eit høgare gjennomsnitt (37,0 timar per veke).

<sup>6</sup> Tala omfattar ikkje svarata om innsats frå respondentar som har gitt opp urealistisk låge eller høge tal (sjå «Om studieinnsats i Studiebarometeret»).

<sup>7</sup> 6-årig profesjonsstudium. Medisin grunnfag og andre medisinske fag er ikkje tekne med.

<sup>8</sup> Utdanningstypen matematisk-naturvitskaplege fag omfattar i denne analysen biologiske fag, fysikk, kjemi, matematikk og statistikk.

Tabell 4b. Standardavvik baserte på individdata for studieinnsats og betalt arbeid for ulike utdanningstypar (bachelor- og mastergradsstudentar på heiltidsprogram er inkluderte).

|                                   | Organiserte læringsaktivitetar | Ikkje-organisert studieinnsats | Samla studieinnsats | Betalt arbeid |
|-----------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|---------------------|---------------|
| Arkitektur, landskapsarkitektur   | 14,0                           | 15,2                           | 14,0                | 4,9           |
| Medisin                           | 8,3                            | 10,8                           | 12,8                | 6,3           |
| Sivilingeniør                     | 9,6                            | 11,6                           | 12,9                | 5,8           |
| Kunst, design, musikk             | 11,4                           | 13,1                           | 14,6                | 7,6           |
| Ingeniør                          | 8,7                            | 10,8                           | 13,4                | 8,4           |
| Matematisk-naturvitenskaplege fag | 9,0                            | 12,6                           | 14,1                | 6,8           |
| Rettsvitenskap                    | 6,6                            | 13,7                           | 14,3                | 8,9           |
| Sjukepleie                        | 10,1                           | 8,9                            | 14,3                | 8,5           |
| Psykologi                         | 8,3                            | 11,3                           | 12,6                | 8,8           |
| <b>Alle</b>                       | <b>8,9</b>                     | <b>11,5</b>                    | <b>13,6</b>         | <b>8,6</b>    |
| Grunnskule 5-årig / lektor        | 6,3                            | 11,3                           | 14,0                | 7,1           |
| Økonomisk-administrative fag      | 7,1                            | 10,3                           | 12,7                | 9,2           |
| Statsvitenskap                    | 7,3                            | 12,1                           | 12,6                | 9,3           |
| Historisk-filosofiske fag         | 7,0                            | 12,7                           | 12,7                | 10,1          |
| Barnehage                         | 8,5                            | 8,4                            | 12,6                | 8,1           |
| Grunnskule (1–7 og 5–10)          | 6,5                            | 7,3                            | 9,9                 | 8,0           |
| Språk                             | 6,8                            | 11,8                           | 12,2                | 9,8           |
| Pedagogikk                        | 5,5                            | 11,0                           | 11,7                | 12,1          |

Om vi ser på bachelor- og mastergradsstudentar kvar for seg, er hovudtrenden den same mellom utdanningstypene (tabell 5a og 5b). Når det gjeld bachelorutdanningane, er det studentar på program innanfor ingeniørutdanning, kunstfag og matematisk-naturvitenskaplege fag som i snitt oppgir den største samla studieinnsatsen.<sup>9</sup> Den minste samla studieinnsatsen oppgir studentar innanfor historisk-filosofiske fag, språk- og pedagogikkutdanningar. På mastergradsnivå er det studentar innanfor arkitektur/landskapsarkitektur, medisin og sivilingeniørutdanningar som i snitt oppgir den største studieinnsatsen, mens den minste er å finne blant femårige grunnskulelærerutdanningar / lektorutdanningar, språk- og pedagogikkutdanningar. For alle utdanningstypene er den samla studieinnsatsen større blant mastergradsstudentar enn blant bachelorgradsstudentar.

<sup>9</sup> Studiebarometeret har for få respondentar på bachelorgradsnivå innanfor arkitektur/landskapsarkitektur til at det gir meining å oppgi studieinnsats for denne gruppa.

Tabell 5a. Gjennomsnittleg studieinnsats og betalt arbeid i timar per veke for bachelorgradsstudentar på heiltidsprogram innanfor ulike utdanningstypar (tabellen er sortert etter samla studieinnsats).

|                                 | Organiserte lærings-aktivitetar | Ikkje-organisert studieinnsats | Samla studie-innsats | Betalt arbeid | Samla studieinnsats og betalt arbeid | Respondentar (n) <sup>10</sup> |
|---------------------------------|---------------------------------|--------------------------------|----------------------|---------------|--------------------------------------|--------------------------------|
| Ingeniør                        | 16,0                            | 17,1                           | 33,1                 | 5,7           | 38,8                                 | 1002                           |
| Kunst, design, musikk           | 17,0                            | 16,0                           | 33,0                 | 5,5           | 38,5                                 | 313                            |
| Matematisk-naturvitskaplege fag | 14,6                            | 17,3                           | 31,9                 | 3,4           | 35,3                                 | 337                            |
| Sjukepleie                      | 18,2                            | 11,6                           | 29,8                 | 7,5           | 37,3                                 | 1190                           |
| Psykologi                       | 9,1                             | 18,5                           | 27,6                 | 6,5           | 34,1                                 | 194                            |
| Rettsvitskap                    | 9,9                             | 17,6                           | 27,5                 | 7,6           | 35,1                                 | 145                            |
| <b>Alle</b>                     | <b>14,0</b>                     | <b>13,3</b>                    | <b>27,3</b>          | <b>6,7</b>    | <b>34,0</b>                          | <b>8474</b>                    |
| Økonomisk-administrative fag    | 12,1                            | 13,7                           | 25,8                 | 8,1           | 33,9                                 | 1995                           |
| Barnehage                       | 15,5                            | 9,8                            | 25,3                 | 5,5           | 30,8                                 | 518                            |
| Grunnskule (1–7 og 5–10)        | 15,0                            | 10,2                           | 25,2                 | 6,5           | 31,7                                 | 657                            |
| Statsvitskap                    | 9,3                             | 15,4                           | 24,7                 | 6,9           | 31,6                                 | 240                            |
| Historisk-filosofiske fag       | 9,7                             | 13,0                           | 22,7                 | 6,5           | 29,2                                 | 279                            |
| Språk                           | 10,7                            | 12,0                           | 22,7                 | 6,5           | 29,2                                 | 205                            |
| Pedagogikk                      | 9,0                             | 12,4                           | 21,4                 | 8,1           | 29,5                                 | 144                            |

Tabell 5b. Gjennomsnittleg studieinnsats og betalt arbeid i timar per veke for mastergradsstudentar på heiltidsprogram innanfor ulike utdanningstypar (tabellen er sortert etter samla studieinnsats).

|                                 | Organiserte lærings-aktivitetar | Ikkje-organisert studieinnsats | Samla studie-innsats | Betalt arbeid | Samla studieinnsats og betalt arbeid | Respondentar (n) <sup>11</sup> |
|---------------------------------|---------------------------------|--------------------------------|----------------------|---------------|--------------------------------------|--------------------------------|
| Arkitektur, landskapsarkitektur | 21,6                            | 23,2                           | 44,8                 | 3,4           | 48,2                                 | 114                            |
| Medisin                         | 19,1                            | 17,9                           | 37,0                 | 5,0           | 42,0                                 | 377                            |
| Sivilingeniør                   | 16,0                            | 19,6                           | 35,6                 | 3,4           | 39,0                                 | 988                            |
| Kunst, design, musikk           | 11,3                            | 23,7                           | 35,0                 | 6,9           | 41,9                                 | 129                            |
| Matematisk-naturvitskaplege fag | 14,2                            | 19,2                           | 33,4                 | 5,8           | 39,2                                 | 310                            |
| Rettsvitskap                    | 8,6                             | 23,9                           | 32,5                 | 7,5           | 40,0                                 | 485                            |
| <b>Alle</b>                     | <b>13,2</b>                     | <b>18,8</b>                    | <b>32,0</b>          | <b>7,3</b>    | <b>39,3</b>                          | <b>5090</b>                    |
| Økonomisk-administrative fag    | 13,8                            | 17,9                           | 31,7                 | 7,9           | 39,6                                 | 659                            |
| Psykologi                       | 11,8                            | 18,6                           | 30,4                 | 8,1           | 38,5                                 | 235                            |
| Historisk-filosofiske fag       | 7,4                             | 21,3                           | 28,7                 | 9,4           | 38,1                                 | 240                            |
| Statsvitskap                    | 9,5                             | 18,7                           | 28,2                 | 9,9           | 38,1                                 | 149                            |
| Grunnskule 5-                   | 10,4                            | 17,6                           | 28,0                 | 6,8           | 34,8                                 | 313                            |

<sup>10</sup> Tala omfattar ikkje svardata om innsats frå respondentar som har gitt opp urealistisk låge eller høge tal (sjå «Om studieinnsats i Studiebarometeret»).

<sup>11</sup> Tala omfattar ikkje svardata om innsats frå respondentar som har gitt opp urealistisk låge eller høge tal (sjå «Om studieinnsats i Studiebarometeret»).

|               |     |      |      |      |      |     |
|---------------|-----|------|------|------|------|-----|
| årig / lektor |     |      |      |      |      |     |
| Språk         | 7,9 | 17,5 | 25,4 | 9,5  | 34,9 | 109 |
| Pedagogikk    | 8,7 | 15,4 | 24,1 | 13,0 | 37,1 | 263 |

## Nokre faktorar som har samanheng med studieinnsats

Som tabell 4 og 5 viser, er det store forskjellar mellom ulike utdanningstypar og nivå når det gjeld kor stor samla studieinnsats respondentane har gitt opp. Dette varierer frå eit gjennomsnitt på 44,8 timar per veke for mastergradsstudentar innanfor arkitektur/landskapsarkitektur til 21,4 timar per veke for bachelorgradsstudentar i pedagogikk. Her ser vi nærmare på eigenskapar ved utdanningstypene som vi trur kan forklare nokre av desse forskjellane.

## Samanhengar mellom ulike innsatsfaktorar

Tidlegare undersøkingar har indikert ein positiv samanheng mellom kor mange undervisningstimar studentane har, og kor mykje tid dei bruker på sjølvstudium (Hovdhaugen, 2004). Tabell 4a viser at innanfor dei utdanningstypene der studentane oppgir størst samla studieinnsats (arkitektur/landskapsarkitektur, medisin, kunst, ingeniørutdanning og matematisk-naturvitenskaplege fag), er det høge tal både for organiserte læringsaktivitetar og for ikkje-organisert studieinnsats. Om vi ser bort frå profesjonsutdanningane grunnskule- og barnehagelærerutdanning, er òg den motsette tendensen tydeleg. For fleire av utdanningstypene med lite organiserte læringsaktivitetar, slik som pedagogikk, språk og historisk-filosofiske fag, oppgir studentane også ein liten ikkje-organisert aktivitet. Når vi ser på oversikta over gjennomsnittleg studieinnsats fordelt på utdanningstypene, ser det derfor ut til at det er ein positiv samanheng mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats.

På individnivå, derimot, finn vi at korrelasjonen mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats er negativ for dei fleste utdanningstypene (tabell 6). Dette indikerer at dess meir tid studentane bruker på organiserte læringsaktivitetar, dess mindre bruker dei på den ikkje-organiserte innsatsen. Dette er tydelegast for arkitektur-, kunst- og sivilingeniørutdanningane, der omfanget av organiserte læringsaktivitetar er stort. For dei andre utdanningstypene er samanhengen relativt svak. Historisk-filosofiske fag skil seg noko ut, med ein i denne samanhengen tydeleg negativ korrelasjon mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats, samtidig som omfanget av organiserte læringsaktivitetar er det minste blant utdanningstypene i denne undersøkinga. Sjukepleiar- og barnehagelærerutdanningane skil seg òg ut. For dei er det ein positiv korrelasjon mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og ikkje-organisert studieinnsats.

Det er altså ein gjennomgåande tendens at for utdanningstypar der omfanget av organiserte læringsaktivitetar er stort, er også den ikkje-organiserte læringsaktiviteten blant studentane stor. Samtidig er det for dei fleste utdanningstypene ein negativ korrelasjon mellom organisert og ikkje-organisert aktivitet på individnivå. Innanfor den enkelte utdanningstypen ser det derfor ut til at dei individuelle vanane og interessene til studentane har meir å seie enn kva slags utdanning dei tek. Datamaterialet gir derfor ikkje grunnlag for å konkludere med at eit større omfang av organiserte læringsaktivitetar generelt stimulerer til meir eigeninnsats.

Tabell 6. Korrelasjonar (Pearsons R) mellom ulike innsatsfaktorar for ulike utdanningstypar med grunnlag i individdata.

|                                 | Organisert og ikkje-organisert studieinnsats | Samla studieinnsats og betalt arbeid |
|---------------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|
| Arkitektur                      | -0,53**                                      | -0,01                                |
| Medisin                         | -0,14**                                      | -0,02                                |
| Sivilingeniør                   | -0,28**                                      | -0,05                                |
| Kunst                           | -0,31**                                      | 0,02                                 |
| Ingeniør                        | -0,05                                        | -0,08*                               |
| Matematisk-naturvitskaplege fag | -0,17**                                      | 0,02                                 |
| Rettsvitskap                    | -0,14**                                      | -0,12**                              |
| Sjukepleie                      | 0,12**                                       | 0,04                                 |
| Psykologi                       | -0,19**                                      | -0,12*                               |
| Grunnskule 5-årig / lektor      | -0,18**                                      | -0,09                                |
| Økonomisk-administrative fag    | 0,02                                         | -0,09**                              |
| Statsvitskap                    | -0,21**                                      | -0,12*                               |
| Historisk-filosofiske fag       | -0,27**                                      | -0,18**                              |
| Barnehage                       | 0,13**                                       | 0,01                                 |
| Grunnskule (1-7 og 5-10)        | 0,00                                         | -0,07                                |
| Språk                           | -0,21**                                      | -0,17**                              |
| Pedagogikk                      | -0,11*                                       | -0,22**                              |

\*\* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,01, mens \* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,05 (2-hala).

For alle utdanningstypar er det ein svak og i dei fleste tilfella negativ korrelasjon mellom samla studieinnsats og betalt arbeid, noko som viser ein tendens til at studentane har mindre betalt arbeid dess meir tid dei bruker på studia (tabell 6). Samanhengen er sterkast for mastergradsstudentar. For bachelorgradsstudentar er han minimal (tabell 7). Samtidig har mastergradsstudentar meir betalt arbeid ved sida av studia enn bachelorgradsstudentar har (tabell 1). Det ser altså ikkje ut til å vere slik at mastergradsstudentar tek mindre betalt arbeid for å få meir tid til studia. I staden aukar dei den totale innsatsen både på studium og arbeid ved sida av.

Tabell 7. Korrelasjon (Pearsons R) mellom ulike innsatsfaktorar med grunnlag i individdata.

|                    | Organisert og ikkje-organisert studieinnsats | Samla studieinnsats og betalt arbeid |
|--------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|
| Alle               | -0,09**                                      | -0,17**                              |
| Bachelor (heiltid) | 0,00                                         | -0,05                                |
| Master (heiltid)   | -0,23**                                      | -0,21**                              |

\*\* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,01 (2-hala).

Om vi ser nærmare på innsatsen i program som kan takast på deltid, finn vi ein svak korrelasjon mellom deltidsbrøk og samla studieinnsats (dataa er ikkje viste). Dette indikerer, som venta, at studieinnsatsen aukar dess meir studia krev. Vi finn òg ein tilsvarande svak negativ korrelasjon mellom deltidsbrøk og betalt arbeid, noko som indikerer at studentane jobbar meir ved sida av studia dess mindre studia krev.

## Samanhengar med kor nøgde studentane er, og korleis dei vurderer fagleg utfordring og miljø

Tabell 8 gir ei oversikt over den gjennomsnittlege scoren på ulike spørsmål i Studiebarometeret som det er rimeleg å tru kan påverke studieinnsatsen innanfor ulike utdanningstypar:

- Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på.
- I kva grad meiner du at studieprogrammet er fagleg utfordrande?
- Kor nøgd er du med det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet?
- Kva karaktermål har du?

Tabell 8 viser òg det gjennomsnittlege omfanget av den samla studieinnsatsen.

Tabell 8. Gjennomsnittleg samla studieinnsats (timar per veke) innanfor ulike utdanningstypar og gjennomsnittleg score for utvalde spørsmål i Studiebarometeret (alle tala er rekna ut på grunnlag av svara til respondentar på heiltidsprogram, og både bachelor- og mastergradsstudentar er tekne med).

|                                   | Samla studieinnsats | <i>Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på. (1–5)</i> | <i>I kva grad meiner du at studieprogrammet er fagleg utfordrande? (1–5)</i> | <i>Kor nøgd er du med det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet? (1–5)</i> | <i>Kva karaktermål har du? (1–5)</i> |
|-----------------------------------|---------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| Arkitektur, landskapsarkitektur   | 43,1                | 4,4                                                                 | 4,6                                                                          | 4,2                                                                                       | 4,2                                  |
| Medisin                           | 37,0                | 4,2                                                                 | 4,5                                                                          | 4,2                                                                                       | 4,1                                  |
| Sivilingeniør                     | 35,6                | 4,3                                                                 | 4,6                                                                          | 4,1                                                                                       | 4,0                                  |
| Kunst, design, musikk             | 33,7                | 4,0                                                                 | 4,0                                                                          | 3,7                                                                                       | 4,3                                  |
| Ingeniør                          | 33,1                | 3,8                                                                 | 4,3                                                                          | 3,8                                                                                       | 3,9                                  |
| Matematisk-naturvitenskaplege fag | 32,6                | 4,1                                                                 | 4,3                                                                          | 3,9                                                                                       | 4,3                                  |
| Rettsvitenskap                    | 31,5                | 4,2                                                                 | 4,6                                                                          | 3,7                                                                                       | 4,4                                  |
| Sjukepleie                        | 29,8                | 4,1                                                                 | 4,3                                                                          | 3,8                                                                                       | 3,9                                  |
| Psykologi                         | 29,2                | 4,0                                                                 | 4,3                                                                          | 3,8                                                                                       | 4,3                                  |
| Alle                              | 29,0                | 4,1                                                                 | 4,3                                                                          | 3,8                                                                                       | 4,1                                  |
| Grunnskule 5-årig / lektor        | 28,0                | 3,8                                                                 | 4,2                                                                          | 3,6                                                                                       | 4,0                                  |
| Økonomisk-administrative fag      | 27,3                | 4,1                                                                 | 4,2                                                                          | 3,7                                                                                       | 4,2                                  |
| Statsvitenskap                    | 25,9                | 4,0                                                                 | 4,2                                                                          | 3,8                                                                                       | 4,2                                  |
| Historisk-filosofiske fag         | 25,4                | 4,1                                                                 | 4,2                                                                          | 3,6                                                                                       | 4,1                                  |
| Barnehage                         | 25,3                | 4,0                                                                 | 4,0                                                                          | 3,7                                                                                       | 3,8                                  |
| Grunnskule (1–7 og 5–10)          | 25,2                | 3,7                                                                 | 4,0                                                                          | 3,5                                                                                       | 4,0                                  |
| Språk                             | 23,7                | 4,0                                                                 | 4,2                                                                          | 3,4                                                                                       | 4,2                                  |
| Pedagogikk                        | 23,1                | 4,0                                                                 | 4,1                                                                          | 3,7                                                                                       | 4,2                                  |

Tabell 9 viser korrelasjonar mellom innsatsfaktorane og dei gjennomsnittlege svara på dei same spørsmåla på utdanningstypenivå. Tabellane viser at det er positive korrelasjonar mellom innsatsen til studentane og kor nøgde dei er med studieprogramma. Det er altså ein tendens til at studieinnsatsen er størst blant dei studentane som er mest nøgde med utdanninga dei tek. Det er

også positive korrelasjonar mellom omfanget av studieinnsatsen og korleis studentane vurderer dei faglege utfordringane i studieprogramma. Sjølv om dei faglege utfordringane i gjennomsnitt blir vurderte høgt for alle utdanningstypar, indikerer samanhengen at dei studentane som opplever dei faglege utfordringane som størst, arbeider meir med studia. Dette er særleg tydeleg for den ikkje-organiserte studieinnsatsen, der det er ein sterk positiv korrelasjon (0,71). Korleis studentane sjølve vurderer det faglege nivået, ser òg ut til å henge saman med studieinnsatsen. Det er sterke positive korrelasjonar mellom dei gjennomsnittlege vurderingane av det faglege nivået og både organisert, ikkje-organisert og samla studieinnsats. Det er òg ein sterk positiv korrelasjon mellom omfanget av ikkje-organisert studieinnsats og karaktermål. Her må det likevel nemnast at det er liten variasjon mellom karaktermåla. I snitt ser studentane innanfor alle utdanningstypene ut til å vere relativt ambisiøse på eigne vegner.

Tabell 9. Korrelasjonar (Pearsons R) mellom gjennomsnittleg studieinnsats og gjennomsnittleg score på utvalde spørsmål i Studiebarometeret for utdanningstypenivået.

|                                | <i>Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på. (1–5)</i> | <i>I kva grad meiner du at studieprogrammet er fagleg utfordrande? (1–5)</i> | <i>Kor nøgd er du med det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet? (1–5)</i> | <i>Kva karaktermål har du? (1–5)</i> |
|--------------------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| Organiserte læringsaktivitetar | 0,32                                                                | 0,29                                                                         | 0,67**                                                                                    | –0,39*                               |
| Ikkje-organisert studieinnsats | 0,55*                                                               | 0,73**                                                                       | 0,52*                                                                                     | 0,61*                                |
| Samla studieinnsats            | 0,61**                                                              | 0,71**                                                                       | 0,84**                                                                                    | 0,13                                 |
| Betalt arbeid                  | –0,37                                                               | –0,46*                                                                       | –0,62**                                                                                   | 0,20                                 |

\*\* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,01, mens \* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,05 (2-hala).

I Studiebarometeret blei studentane òg bedne om å vurdere om dei syntest omfanget av organiserte læringsaktivitetar, innleveringsoppgåver og pensum var for stort på studieprogrammet deira. Dette skulle dei vurdere på ein skala frå 1 til 5. Gjennomsnittsscoren på dette spørsmålet ligg svært nær 3 for alle utdanningstypene og viser ingen nemnande korrelasjon med studieinnsats (dataa er ikkje viste). Ei rimeleg tolking er derfor at studentane i snitt synest omfanget er «passe» innanfor alle utdanningstypene, sjølv om det her kan skjule seg vesentlege forskjellar mellom enkeltprogram.

Ein tilsvarande korrelasjonsanalyse på individnivå blant alle respondentane på heiltidsprogram innanfor dei enkelte utdanningstypene i Studiebarometeret viser dei same tendensane, men korrelasjonane er svakare (dataa er ikkje viste). Årsaka til dette er truleg den store variasjonen i studieinnsats mellom enkeltstudentar innanfor same utdanningstypen.

## Samanheng mellom studieinnsats og resultatindikatorar

Vi har òg sett på om det er samanheng mellom studieinnsats og tilgjengelege resultatindikatorar frå DBH i NOKUT-portalen. Desse indikatorane er tilgjengelege på studieprogramnivå og er samanlikna med gjennomsnittstala for studieinnsats per studieprogram. Vi har valt ut indikatorar for inntakskvalitet (gjennomsnittlege karakterpoeng blant nye studentar), studieprogresjon (nye studiepoeng per student (heiltidsekvivalent)) og resultat

(strykprosent og kor stor del som får eksamenskarakterane A + B)<sup>12</sup> for dei studieprogramma som høyrer inn under dei utdanningstypene vi har sett på tidlegare.

Tabell 10. Korrelasjonar (Pearsons R) mellom studieinnsats og utvalde resultatindikatorar frå NOKUT-portalen.

|                                | Gjennomsnittleg karakterpoeng blant nye studentar <sup>13</sup> (2012) | Nye studiepoeng per student (heiltidsekvivalent) (2013) | Strykprosent (2013) | Delen som får eksamenskarakterane A + B (2013) |
|--------------------------------|------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|---------------------|------------------------------------------------|
| Organiserte læringsaktivitetar | -0,02                                                                  | 0,34**                                                  | 0,26**              | -0,17**                                        |
| Ikkje-organisert Studieinnsats | 0,45**                                                                 | -0,13*                                                  | 0,03                | 0,26**                                         |

Til grunn for utrekningane ligg alle studieprogram innanfor dei ulike utdanningstypene i tabell 4a som oppfyller krava til resultatvising i Studiebarometeret<sup>14</sup>. I tillegg må indikatorane vere tilgjengelege i DBH/NOKUT-portalen (til saman 254 bachelorgradsprogram og 131 mastergradsprogram). \*\* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,01, mens \* indikerer at korrelasjonen har eit signifikansnivå på 0,05 (2-hala).

Tabell 10 viser at det er ein moderat positiv korrelasjon mellom ikkje-organisert studieinnsats og gjennomsnittleg karakterpoeng blant nye studentar. Samvariasjonen indikerer at studentar med gode karakterar frå vidaregåande skule bruker meir tid på ikkje-organiserte studium enn studentar med ein lågare inntakskvalitet. Det er òg ein moderat positiv korrelasjon mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og det gjennomsnittlege talet på nye studiepoeng per heiltidsekvivalent på programma. Dette indikerer at gjennomføring heng saman med kor mykje tid studentane bruker på undervisning, rettleiing og oppfølging. På resultatsida finn vi ein svak positiv korrelasjon mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og strykprosenten og ein svak negativ korrelasjon mellom omfanget av organiserte læringsaktivitetar og kor stor del som får eksamenskarakterane A + B. Dette indikerer at det kan vere vanskelegare å oppnå gode studieresultat på studieprogram der det er mykje organiserte læringsaktivitetar. Samtidig er det ein positiv korrelasjon mellom omfanget av ikkje-organisert studieinnsats og kor stor del av studentane som får karakterane A + B. Det indikerer at omfanget av eigenstudium har positiv samanheng med studieresultat.

## Andre faktorar

Når vi analyserer gjennomsnittstala for studieinnsats innanfor dei enkelte utdanningstypene, oppdagar vi nokre tydelege samanhengar: Dei studentane som er mest nøgde med utdanninga si, og som opplever at dei faglege utfordringane er størst, jobbar meir med studia (tabell 9). Oversikta over gjennomsnittleg studieinnsats fordelt på utdanningstypar (tabell 4a) viser òg at eit gjennomgåande trekk er at studentane bruker meir tid på ikkje-organiserte læringsaktivitetar der omfanget av

<sup>12</sup> Tala for gjennomsnittlege karakterpoeng er henta frå 2012, ettersom vi i Studiebarometeret primært har spurt andreårsstudentar (bachelorgradsstudentane som har svart i Studiebarometeret, blei tekne opp i 2012). Dei andre tala er frå 2013.

<sup>13</sup> Indikatoren «Gjennomsnittleg karakterpoeng blant nye studentar» er berre tilgjengeleg for studieprogram på bachelorgradsnivå.

<sup>14</sup> Studiebarometeret viser resultat frå den nasjonale studentundersøkinga dersom det er 6–9 respondentar samtidig som svarprosenten er over 50, og dersom det er 10 eller fleire respondentar samtidig som svarprosenten er 10 eller meir.

organiserte læringsaktivitetar òg er stort. På individnivå er denne samanhengen snudd på hovudet (tabell 6): Eit større omfang av organiserte læringsaktivitetar heng saman med eit mindre omfang av ikkje-organiserte læringsaktivitetar. At det er omvendte samanhengar på utdanningstypenivået og individnivået, kan tyde på at forskjellane i studieinnsats til ein viss grad òg er knytte til ibuande eigenskapar som kultur og tradisjon innanfor dei ulike utdanningstypene. Til dømes kan det sjå ut som om det er kultur for å jobbe meir med studia innanfor arkitektur-, medisin- og sivilingeniørutdanningane enn innanfor grunnskule-, språk- og pedagogikkutdanningane.

Det er òg andre faktorar som indikerer at kultur og forventingar kan spele inn. Blant institusjonane der studentane har den største studieinnsatsen, finn vi spesialiserte institusjonar som det er vanskeleg å komme inn på, slik som Bergen Arkitekthøgskole, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen i Oslo, Norges musikkhøgskole og Noregs Handelshøgskole (dataa er ikkje viste). Bachelor- og mastergradsutdanning i økonomisk-administrative fag er noko svært mange institusjonar i Noreg tilbyr. Studentane ved Noregs Handelshøgskole oppgir den høgaste gjennomsnittlege studieinnsatsen på begge gradsnivåa. Blant institusjonane som tilbyr sivilingeniørutdanning, har NTNU ein særskild tradisjon i Noreg og høge opptakskrav, og studentane her oppgir ein større gjennomsnittleg studieinnsats enn studentane ved andre lærestader. Innanfor profesjonsutdanningar som sjukepleie finn vi at studentane ved dei spesialiserte private institusjonane, slik som Høgskolen Betanien, Lovisenberg diakonale høgskole og Diakonhjemmet Høgskole, legg ned ein større studieinnsats enn gjennomsnittet blant sjukepleiarstudentane. Desse utdanningane er òg vanskelegare å komme inn på enn gjennomsnittet av sjukepleiarutdanningane.

## Indikasjonar samla sett

- I gjennomsnitt bruker studentar på heiltidsprogram 29 timar per veke på studia. Bachelorgradsstudentar bruker i snitt 27,3 timar per veke, mens mastergradsstudentar bruker 32 timar per veke.
- Det er stor variasjon i studieinnsatsen, både mellom utdanningstypar og mellom dei enkelte studentane innanfor utdanningstypene.
- Størst studieinnsats finn vi innanfor arkitektur/landskapsarkitektur, medisin, teknologi- og realfag. Studentane innanfor humanistiske fag, grunnskulelærarutdanning og pedagogikk er dei som i snitt bruker minst tid på studia.
- Det kan sjå ut som om studentane samla sett jobbar mest innanfor utdanningstypar der omfanget av organiserte læringsaktivitetar er størst.
- Det ser ut til å vere ein positiv samanheng mellom studieinnsatsen til studentane og kor nøgde dei er, og korleis dei vurderer dei faglege utfordringane og det faglege miljøet blant studentane på programmet dei går på.
- Studieinnsatsen til studentane har ein positiv samanheng med inntakskvaliteten og karaktermåla.
- Det ser ut til å vere samanhengar mellom studieinnsats og studieresultat.
- Samla sett gir dette indikasjonar på at læringstrykket og dei faglege utfordringane varierer mellom ulike utdanningstypar.

Sett under eitt gir dataa om studieinnsats frå Studiebarometeret og indikasjonane på faktorar som påverkar studieinnsatsen, grunnlag for å stille nokre overordna spørsmål om forholdet mellom studieinnsats og utdanningskvalitet:

- Bør det vere mogleg for ein student på eit heiltidsprogram å bruke i overkant av 20 timar i veka på studia og framleis oppnå ein grad?
- Er det ein stor del av studentane i Noreg som ikkje får store nok faglege utfordringar på studieprogramma sine?
- Er læringstrykket for lågt innanfor enkelte utdanningar?
- Kan mangel på faglege utfordringar vere ei årsak til låg studieinnsats?
- Leverer institusjonane god nok utdanningskvalitet til å motivere studentane til innsats?
- Institusjonane har ansvaret for kvaliteten på sine egne studieprogram. Dei har òg eit stort ansvar for å stimulere studieinnsatsen til studentane. Men tek studentane sin del av ansvaret?
- Medverkar den store variasjonen i studieinnsats til varierende utdanningskvalitet?
- Har innsatsen til studentane noko å seie for kor motiverte institusjonane og lærarane er til å strekkje seg endå lenger for å tilby utdanning av høg kvalitet?

## Referansar

Arnesen, C.Å., Hovdhaugen, E., Wiers-Jenssen, J. og Aamodt, P.O. (2011). Studiesituasjon og studentøkonomi. Norske resultater fra den europeiske undersøkelsen Eursostudent IV. NIFU-rapport 33/2011.

Hovdhaugen, E. (2004). Tidsbruk og ambisjon. Resultater fra stud.mag.-undersøkelsene 2001, 2002, og 2003. NIFUs skriftserie 16/2004.

Otnes, B., Thorsen, L.R., Vaage, O.F. (2011). Levekår blant studenter 2010. Statistisk sentralbyrås rapporter 36/2011.

Orr, D., Gwosc, C. og Netz, N. (2011). Social and Economic Conditions of Student Life in Europe. Synopsis of indicators-Final report-Eurostudent IV 2008-2011. Bielefeld: W. Bertelsmann Verlag.

Wierss-Jenssen, J. og Aamodt, O.P. (2002). Trivsel og innsats. Studenters tilfredshet med lærested og tid brukt til studier. Resultater fra stud.mag.-undersøkelsene. NIFU-rapport 1/2002.